



Kva handlar matematikkundervisning om?

Viss ein må trekkja fram berre éin ting som matematikkundervisning handlar om, kva seier ein då? Spørsmålet er høgaktuelt når det no nærmar seg slutten av prosessen der det skal avgjerast kva som vert lagt vekt på i dei nye læreplanane. Nokon vil seia at det handlar om algebra og evna til å generalisera, andre seier at alt handlar om å sjå mønster. Nokon hevdar det sentrale er å utvikla djup innsikt i ulike representasjonar og overgangar mellom desse, medan andre legg vekt på det å utvikla rikt matematisk språk og fleksible strategiar. Andre meiner det er målet som tel, ikkje middelet. Å skapa engasjement, motivasjon og positive haldningar til faget, eller at elevar skal få grunnlag til å verta aktive deltakarar i samfunnet. Svara er og skal vera mange og ulike, og artiklane i dette bladet viser det.

Det er på sin plass å starta bladet med ein artikkel om tverrfagleg arbeid med kroppssøving, matematikk og samisk når det nyleg har vore samisk folkedag den 6. februar. Skal eg trekka ut berre ein ting frå Lisbeth Hansen og Anne Fyhn sin artikkel, må det vera korleis ein kan læra matematikk gjennom å utforska mønster. Elevane arbeidde med forståing av geometri ved å utforska matematikken i mønster dei hadde laga sjølve på ski. Dei kopla uteaktivitet med refleksjon innandørs, og dei kopla det

matematikkspråklege i samisk og norsk. Mike Naylor legg òg vekt på utforsking av mønster i si faste spalte om matematikk og kreativitet.

Tangenten har dei siste fire åra hatt ein stoffett der lærarutdannarar har intervjuar lærarar om matematikkundervisning. I dette nummeret kjem siste intervjuet, med Line Søfteland som er lærar på 3. trinn og Jannecke Lampe på 8. trinn. No sender me pinnen vidare til elevar og born i barnehagen for å få innsikt i kva dei tenkjer om matematikk og læring. Me har òg intervjuar vinnaren av Holmboeprisen 2018, Skage Hansen. Inger-Lise Risøy, som fekk heiderleg omtale, har skriva om undervisninga si. Desse dyktige lærarane legg vekt på å gje elevar rike, samansette og utforskande oppgåver der dei får brynt seg i lag med andre og der dei må argumentera. Dei syner korleis slike oppgåver kan skapa engasjement og entusiasme der elevar utviklar ei djupare forståing i matematikk. Gaute Hovtun er òg oppteken av korleis ein bruker oppgåver. I sin artikkel (nivå 1) har han fokus på oppstarten av undervisningsøktar og korleis oppvarmingsoppgåver kan styrka elevar sin motivasjon for matematikk.

A handwritten signature in red ink, appearing to read "Rune Herheim".